

KVIFOR EI TOBIN-AVGIFT?

Av deltakarane på dette seminaret må særskilt nemnast : Martin Brannen (Bread for All, Pain pour le prochain), Suzanne de Brunhoff (CNRS), Bernard Cassen (université Paris VIII, leiar for ATTAC), Jean-Christophe Chaumeron (Fédération des finances CGT), François Chesnais (université Paris XIII), David Felix (Washington University, St. Louis, USA), Susan George (Observatoire de la mondialisation, Transnational Institute), Gérard Gourguechon (Union syndicale Groupe des Dix, nestleiar i fagrådet i ATTAC), John Grahl (University of North London, Det sameinte kongeriket), Liêm Hoang-Ngoc (université Paris I), Bruno Jetin (université Paris XIII), Richard Langlois (Internationale de l'éducation), Bertrand Legendre (bankmann, Observatoire de la finance), Jacques Mazier (université Paris XIII), Alex Michalos (University of Northern British Columbia, Canada), René Passet (université Paris I, leiar for fagrådet i ATTAC), Heikki Patomäki (Nottingham Trent University, Det sameinte kongeriket), Katarina Patomäki (Nottingham Trent University, Det sameinte kongeriket), Dominique Plihon (université Paris XIII), Howard M. Wachtel (American University, Washington DC, USA), Ibrahim Warde (University of California, Berkeley, USA).

Sidan juli 1997 har det økonomiske tilbakeslaget ramma stadig nye land frå den eine månaden til den andre, medan dei som først blei ramma, som Indonesia, strir med ei djup økonomisk krise med ufattelege menneskelege kostnader. For kvart nytt land som blir ramma, blir kvelartaket om veksten i verdsøkonomien strammare, og faren for ei verdsomfattande krise aukar. Det globaliserte finansregimet, ei følgje av liberaliseringa og dereguleringa av kapitalstraumane, ber eit tungt ansvar for denne utviklinga.

Tilbaketrekkinga av den plasserte kapitalen, som blei lokka av utsiktene til svært høg avkastning, fører som i Mexico i 1995 eller i Thailand i 1997 til eit samanbrot i bank- og finanssystemet i dei landa det gjeld. Skil ein kunna halda på desse plasseringane, må kapitalens krav til avkastning tilfredsstillast. Såleis måtte Brasil heva rentenivået til 40 %, jamvel 45 %. Resultatet var at finansmarknadene roa seg, og aksjekursane kan halda fram med å stiga på dei store børsane i verda. Men i São Paulo, til dømes, kjem det kvar veke stadig nye skred av titusenvís av oppseiingar.

Eit varselkot

Innføringa av ei avgift på valutatransaksjonar, den såkalla Tobin-avgifta eller Tobin-skatten, ville vera eit første hastetiltak for å hindra at denne sosiale katastrofen spreier seg. Avgifta vil verka som eit varselkot overfor valutahandlarane, og er eit første steg mot ein heilt ny skipnad for det internasjonale finanssystemet. Såleis har avgifta eit føremål som er fullstendig ulikt føremålet til nesten alle andre kjende reformplanar. For desse har målet faktisk vore å sikra vidareføring av den økonomiske liberalismen og dereguleringa av finanskapitalen, med andre ord dei viktigaste årsakene til problema i verdsøkonomien og vanskane dei mest utsette sosiale laga i befolkningane slit med under krisene.

Dei fleste reformtiltaka som blir føreslått av Det internasjonale pengefondet (IMF) og G7-landa, gjeld berre dei såkalla framveksande økonomiane. Det er tale om nødvendig "openheit" og "overvaking", men føremålet er å sikra IMF eit fastare grep om regjeringane som er avhengige av hjelp frå internasjonale finansinstitusjonar. Dei dreiar seg om krisehandtering, ikkje om førebygging, og tiltaka fritek investeringsfonda og dei internasjonale bankane frå alt ansvar. Dei prøver å svara på brutaliteten i marknadene sine straffereaksjonar - digre tap avløyser enorm profitt - ved å spennast opp tryggingssnett for investorane og spekulantane, men slett ikkje for befolkningane, noko vi fekk tydeleg demonstrert ved dei siste intervensjonane til IMF i Sørøst-Asia.



Anten det dreiar seg om spekulasjonsfond eller store vestlege bankar, så er regjeringane mest opptekne av å verna institusjonane som blir omtala som for store til å gå overende ("too big to fail"). Det ferskaste dømet på dette er det amerikanske spekulasjonsfondet LTCM, men ein må ikkje gløyma tidlegare døme, som Crédit Lyonnais i Frankrike. Dei økonomiske og sosiale kostnadene ved desse redningsoperasjonane, anten dei blir belasta skattebetalarane eller fordelte mellom store finansinstitusjonar, blir tolererte utan atterhald av forsvararane av den liberaliserte finanskapitalen, som viser til behovet for å minska "den systemiske risikoen", altså risikoen for eit samanbrot i kredittsystemet, for eit globalt finanskrakk. Tobin-avgifta, sjølv om ho berre rammar valutaspekulantane, blir derimot ikkje tolerert av dei same nyliberalistane, fordi avgifta inneber ei form for kontroll med kapitalrørslene. Men det er nettopp denne politiske åtvinga til marknadene som no er blitt absolutt nødvendig.

Vekst, sosial rettferd, berekraftig utvikling

Vi forsvarer dette tiltaket som eit første steg mot skipinga av ein verdsøkonomi der veksten går hand i hand med omfordeling av inntekter og sosial rettferd, og der vi slepp å sjå at dei internasjonale utviklingsindikatorane år etter år viser auka forskjellar, meir feil- og underernæring og svolt, ny oppkomst av eldre tiders sjukdommar eller auke i omfanget av AIDS-epidemien som i dag rammar dei svakast stilte. Ein økonomi der veksten, frigjord særskilt frå finanskapitalens trulause regime, vil respektera dei økologiske vilkåra for ei berekraftig utvikling.

Som den første forma for skattlegging av dei internasjonale finanstransaksjonane har ei Tobin-avgift på valutatransaksjonar som hovudmål å bidra til ei stabilisering av kapitalrørslene, eit forvarsel om framtidige reformer som må gå langt vidare. Jamvel om startnivået skulle vera ganske lågt, ville innføringa av ei slik avgift likevel gi solide inntekter, som kunne brukast til føremål som sosial utjamning, berekraftig vekst og bøting på dei verste skadane som den liberalistiske politikken har påført samfunna. Avgifta ville krevja oppretting av internasjonale politiske strukturar for omfordeling og administrasjon av midlane som blei inndrivne på denne måten.

Er dette forslaget for lite dristig?

James Tobin har sagt om sitt eige forslag at det ganske enkelt var meint å "kasta sand i spekulasjonsmaskineriet" på valutamarknadene. Forslaget ville utfordra fridommen som dei noverande destabiliserande aktørane nyt godt av og dessutan algoritme-tilnærminga til berekning av avkastning i høve til risiko i ei usikker framtid. I dag inneber ein valutaordre inntil åtte utleidde operasjonar og gir dermed eit utilbørleg og unødvendig rom for spekulasjon. Tobin-avgifta vil redusera omfanget av valutahandelen utan å lamma han. Avgifta vil verka førebyggjande ved å fjerna lønsemda i visse spekulative operasjonar i valutamarknadene, og ein vil dermed unngå destabiliserande åtak mot valutaene. Er dette forslaget for lite dristig i høve til problema i dag? La oss heller seia at det er eit første tiltak som kan opna nye horisontar, og vi ser allereie i dag fordelane ved det. La oss sjå nærare på somme av dei.

Medan dei fleste reformene som er føreslått av IMF og G7-landa, berre gjeld dei "framveksande" økonomiane, vil Tobin-avgifta omfatta alle. I første rekkje gjeld det dei rikaste og mest utvikla landa, med valutaer som spelar ei sentral rolle på dei internasjonale finansmarknadene. Det er initiativa frå desse landa som vil ha størst gjennomslagskraft. Innføringa av ei slik avgift ville understreka kor nødvendig det er med ei internasjonal offentleg regulering for å motverka mangelen på stabilitet i kapitalmarknadene. Avgifta ville understreka regjeringane sin vilje til å rå over finansmarknadene, og snu den noverande tendensen. Ei slik tilbakeføring av makt føreset at dei viktigaste valutaene i den internasjonale valutahandelen, i første rekkje dollaren, er med.

Tobin-avgifta har eit universelt siktemål. Gjennom forhandlingar kan alle verdas regjeringar slutta opp om eit samordna tiltak for å gjenoppretta eit stabilt globalt penge- og finanssystem og venda ryggen til prinsipperklæringane som blir produserte innanfor den snevre og udemokratiske ramma av G3-, G7- eller G10-toppmøta. Skattlegging av valutatransaksjonar gir ei utvitydig politisk



åtvaring til dei viktigaste økonomiske aktørane om at dei allmenne interessene er overordna dei private interessene, at omsynet til utvikling skal rå, ikkje den internasjonale spekulasjonen.

Den økonomiske og sosiale makta til kapitalmarknadene har vakse monaleg etter eit par tiår med deregulering og omstrukturering i den kapitalistiske økonomien. Nyliberalistane vedgår sjølve at dei gode resultatane på børsane er blitt understøtta av ei fordeling av meirverdien som har favorisert kapitalinntekter framfor arbeidsinntekter. Overalt går mildare skattlegging av kapitalen saman med hardare skatt på lønene. Dette presset mot lønstakarane blir framstilt som eit uunngåeleg globalt fenomen som ein rett og slett må underkasta seg for å overleva i konkurransen. Tobin-avgifta betyr ein reduksjon, om han så er liten, av inntektene frå valutaspekulasjonen, og underminerer dermed den fatalistiske trua på "utviklinga" som har svekt lønstakarane si stilling. Det er klart at avgifta ikkje er meint å kunna førebyggja dei store krisene. Men ved å minska mangelen på stabilitet i finansmarknadene kan avgifta ha ein førebyggjande verknad og vera eit nødvendig element i ei større ordning der finansverda er underlagd omsynet til sosial rettferd og ei berekraftig utvikling.

Eit politisk, ikkje teknisk spørsmål

Vanskane med innføringa av Tobin-avgifta er av politisk snarare enn teknisk art. Det einaste motargumentet som er komme frå den franske regjeringa, til dømes, er at tiltaket manglar "politisk realisme". Det som i røynda manglar, er ein vilje til å forsvara eit forslag som vil kunna sjenera visse statar og finansinteresser. Mellom 1979 og 1995 blei det noverande globaliserte finansregimet visseleg skapt gjennom politiske avgjerder. Kva argument kan då brukast for å avvise at andre avgjerder kan endra og jamvel forkasta eit regime med eit slikt katastrofalt rulleblad? Enkelte "framveksande" økonomiar (Chile, Colombia) har allereie sett i verk vellykka restriksjonar (obligatoriske reservar) som, sjølv om dei har vore avgrensa, må reknast som ei skattlegging av kapital som blir plassert med reint spekulativt siktemål. I nyare tid har Malaysia gjeninnført valutakontroll for å hindra ytterlegare skadeverknader av den økonomiske krisa som herjar i regionen.

For at Tobin-avgifta skal få maksimal effekt, må ho innførast i alle G7-landa. Dei utgjer faktisk eit sentrum i valutamarknaden, ein marknad som er sterkt konsentrert, og der berre åtte-ni land og eit hundretals store bankar og finansinstitusjonar kan seiast å spela ei avgjerande rolle. Innføringa av ein felles valuta i Europa gjer det umogleg å spekulera i valutakursendringar mellom medlemslanda. Det er no nødvendig at EU-landa nyttar autoriteten som dette gir dei til å øva eit høveleg politisk press overfor dei andre kapitalistiske landa til fordel for ei avgift på valutatransaksjonar.

Innføringa av Tobin-avgifta føreset at ein går laus på skatteparadisa. Dette tiltaket for den økonomiske folkehelsa kan, mellom anna, iverksetjast ved hjelp av ei straffeavgift som blir lagd på kapitalen når han går ut og inn av desse bola for skattesvindel og kvitvasking av svarte pengar. I tida framover kan Den europeiske unionen også her iverksetja tiltak mot statar og andre politiske einingar som anten er ein del av eller har nære samband med EU, og som fungerer som tilfluktsstader for spekulativ kapital og for pengar frå alskens kriminell verksemd.

Somme meiner at Tobin-avgifta vil vera ineffektiv fordi operatørane i finansmarknadene kan omgå henne. Men alle skattar har vist seg å bli utsette for unndraging, lovleg eller ulovleg, likevel har ikkje dette ført til at ein har gitt opp å innføra nye. Unndraginga kan ein kjempa mot både gjennom regelverk og gjennom årvakne tilsette i bankar og andre finansinstitusjonar og fagorganisasjonane deira. Ein grundig fagleg debatt - der dei viktigaste fakta alt er kjende - vil gjera det mogleg å utvikla eit godt rammeverk for å utvida og tilpassa Tobin-avgifta til å femna om alle finansielle instrument på valutamarknaden.

Springbrett til ei reform av heile finanssystemet

Tobin-avgifta er ikkje eit vedundermiddel. Nedslagsfeltet til avgifta er avgrensa til transaksjonane på valutamarknaden og forstyrrar berre dei kortsiktige, ja gjerne svært kortsiktige, spekulative



rørslene. Avgifta kan ikkje erstatta skattlegginga av heile feltet av inntekter frå aksjar, obligasjonar og andre aktiva. Slike skattar er ei sak for dei nasjonale offentlege finansane, jamvel om nesten alle land skattlegg finansinntektene svært mildt.

Den viktigaste verdien av Tobin-avgifta ligg i avgifta sin internasjonale karakter. For dei landa som krev avgifta innført, blir konkurranseåndå mellom landa avløyst av samarbeid. Avgifta er ein kime til kontroll med spekulasjonen sjølv om ho berre gjeld valutamarknaden, for denne marknaden fungerer som eit vegkryss for alle internasjonale finansoperasjonar med alle typar aktiva, her òg langsiktige utanlandsinvesteringar. Ettersom Tobin-avgifta er meint å gi landa - eller større politiske einingar så som Den europeiske unionen - tilbake moglegheita til å føra ein meir uavhengig økonomisk politikk, vil ho kunna støtta opp under interne tiltak for skattlegging av finansinntektene og offentlig overvaking av utanlandsinvesteringane.

Når det gjeld framlegga til reform av det noverande valutaregimet og finanssystemet, så må dei bli utforma for dei som lever frå hand til munn og ikkje for dei dominerande gruppene. For at dei skal vera til beste for landa og dei sosiale laga som no er utsette for presset frå "marknadene", må dei utfordra finansmakta i den kapitalistiske økonomien og handlefridommen denne makta har. Men vi må byrja med ein ende. I så måte vil eit slagkraftig tiltak på valutamarknaden underminera den endå altfor utbreidde trua på at det er "håplaust å snu utviklinga".

Diskusjonen om Tobin-avgifta må no bryta ut av den tronge sirkelen av økonomar, ekspertar, finans- og bankfolk og leiarar av sentralbankar. Vi kan ikkje anna enn å bli oppmuntra til dette av endringa i opinionen som no avteiknar seg i favør av ei strengare styring med kapitalrørslene, mellom anna i ei meiningsmåling som er utført i 20 land for The Economist (2.1.99). Av dei som der blir spurde, er 49 % for ei slik styring, 37 % er mot, medan 14 % ikkje har noka mening. Det er berre ei meiningsmåling, ja vel, men ho tvingar oss til å reflektera over grensene som må dragast opp for fridommen til valuta- og kapitalmarknadene, for å sitera ein leiarkommentar i det ultraliberale bladet. Tobin-avgifta er nettopp ei av desse grensene. Det er no opp til regjeringane å komma opinionen i møte og innfri forventningane gjennom å innføra Tobin-avgifta.

Tobin-avgifta, ja visst! (debatt)

Referat frå debattmøte med ATTAC-medlemmer frå Paris.

På invitasjon frå ATTAC blei det 25. januar 1999 skipa til eit internasjonalt seminar i Maison de l'Amérique latine i Paris med deltaking av økonomar, fagforeiningsfolk og bank- og finansfolk. Seminaret hadde som føremål å undersøkje moglegheitene for ei innføring av Tobin-avgifta. Seminaret, som var planlagt av ei arbeidsgruppe i fagrådet i ATTAC, gav høve til drøfting av synspunkt og analysar med økonomar og spesialistar frå andre europeiske land og frå Canada og USA. Ei slutterklæring blei vedteken, og denne vil bli spreidd til eit stort publikum. Eit ope møte om kvelden 25. januar gjorde det mogleg for om lag 300 ATTAC-medlemmer frå Paris å bli kjende med resultata frå seminaret og å spørja ut somme av deltakarane. Dei som svarte på spørsmåla, var Bernard Cassen, leiar for ATTAC, René Passet, leiar for fagrådet i ATTAC, Dominique Plihon, medlem av fagrådet i ATTAC, og dessutan dei fire nordamerikanarane som var innbydde til seminaret: David Félix, Alex Michalos, Howard M. Wachtel og Ibrahim Warde. Vi gir her att nokre av dei viktigaste spørsmåla og svara som kom fram under dette møtet med ATTAC-medlemmene

Spørsmål

Kvifor har seminaret vore avgrensa til Tobin-avgifta, slik at andre former for skattlegging av finanstransaksjonar blei haldne utanfor debatten?

Bernard Cassen

Det hadde vore nødvendig med eit langt meir omfattande seminar dersom ein skulle ta for seg alle former for skattlegging av kapital og finanstransaksjonar, der Tobin-avgifta berre er éi av formene. For tida blir denne avgifta, som skal ramma valutaspekulasjon, diskutert offentleg, og dette er i stor grad ATTACs fortjeneste. Det blei difor politisk viktig å sjå nærare på vilkåra for ei vellykka innføring av denne avgifta når ho no har fått ein slik posisjon i media og som symbol. ATTAC vil ved seinare høve ta for seg dei andre formene for skattlegging. Howard M. Wachtel har allereie peika på nokre av moglegheitene på området i ein artikkel som stod i Le Monde diplomatique i oktober 1998.

Spørsmål

Kven skal driva inn midlane frå Tobin-avgifta? Kven skal omfordela dei, og kven skal nytta godt av dei?

Bernard Cassen

Spørsmålet om bruken av midlane frå Tobin-avgifta er ganske presist formulert. I Tobins ånd og for ATTAC er det viktigaste målet i røynda å hindra dei flyktige og ukontrollerte kapitalrørslene som har hatt slike katastrofale følgjer for Aust-Asia, Russland og Brasil. Men dette målet gjer ikkje at vi misser av syne dei andre positive verknadene som denne avgifta vil ha dersom utbyttet er svært høgt. Beløpet vil variera alt etter talet på avgiftspliktige transaksjonar og kor høgt avgifta blir sett, og dette er pengar som vil kunna nyttast til sosiale, økologiske og kulturelle føremål. Vi har vore innom fleire typar omfordeling. Til dømes opererer SNs utviklingsfond UNDP i sin siste rapport om den globale levekårsutviklinga med eit beløp på 40 milliardar dollar i året som tilstrekkeleg for å utrydda fattigdommen, gi alle tilgang til reint drikkevatt, gode hygieniske forhold osv. Somme har føreslått at inntektene frå avgifta i Europa i det minste delvis kan nyttast i EUs strukturfond, særskilt med tanke på utvidinga austover, dessutan for dei 71 landa i Afrika, Karibia og Stillehavsområdet som EU-landa har eit særskilt samband med i kraft av Loméavtalen. Når det gjeld administrative organ, er to organisasjonar utelukka i utgangspunktet, nemleg Det



attac

internasjonale pengefondet og Verdsbanken. Moglegheitene er likevel mange, til dømes eitt eller fleire internasjonale byrå som er demokratisk styrte og med deltaking frå fagorganisasjonar, ideelle organisasjonar osv. Det spørsmålet åleine krev grundige diskusjonar, og det ville ha vore ønskjeleg at ATTAC utarbeider forslag som blir lagde fram for dei mange samarbeidspartnarane verda over. Tida vi hadde til rådvelde under seminaret, gjorde det ganske enkelt ikkje mogleg for oss å gå særleg mykje inn på dette spørsmålet.

Spørsmål

Kvifor ikkje innføra valutakontroll som er avgrensa til Frankrike, slik Malaysia har gjort for sin del?

Ibrahim Warde

I Malaysia bestemte regjeringa seg for i det minste på kort sikt å hindra kortsiktig kapital i å bli plassert i landet i nokre dagar for så å bli trekt ut att. Lova krev at plasseringane skal haldast tilbake i eitt år. Det er viktig å samanlikna Tobin-avgifta med andre, meir generelle tiltak, som valutakontroll, for å forstå fordelane ved avgifta betre. Eitt av "salsargumenta" er avgifta sin internasjonale karakter: Dersom ein ikkje iverkset eit tiltak av dette slaget i det internasjonale monetære systemet, vil regjeringar freista å verna seg gjennom nasjonale tiltak, slik som til dømes i Malaysia og Chile. Tobin-avgifta ville gjera at dei ikkje lenger ville stå åleine. Dessutan er denne avgifta "realistisk" fordi ho ikkje sperrar for kapitalrørsler og dermed vil vera lettare å godta for bankfolk, regjeringar osv.

Bernard Cassen

Med Tobin-avgifta vil finanskapitalen kunna røra seg fritt, plasseringane vil kunna skje som før, det er berre tale om å bremsa aktiviteten. Med valutakontroll er det krav om lisensar for innførsle og utførsle av kapital. Valutakontroll er forbode i EU ifølgje Einskapsakta og Maastrichttraktaten. For å forandra dette krevst det endringar i desse, som eg personleg gjerne ser, men vi må ikkje undervurdere dei enorme vanskanane med å oppnå dette. Slike endringar krev faktisk samrøystes oppslutning frå medlemsstatane.

Spørsmål

Du sa at det viktigaste målet er å stabilisera det internasjonale finanssystemet. Men eg melde meg inn i ATTAC for å tala om omfordeling av inntekter og kamp mot forskjellane. Dette kan ikkje vera eit sekundært mål, for då kjem de til å fjerna motivasjonen vår.

Bernard Cassen

Du stiller eit verkeleg grunnleggjande spørsmål som eg vil prøva å svara på. Det særskilde ved ATTAC, som skriv seg frå originaliteten i organisasjonsskipnaden - ei samanslutning av enkeltpersonar og ideelle organisasjonar, fagforeiningar, kollektiv, politisk-administrative einingar og publikasjonar - det er at organisasjonen spelar på to register. Det eine registeret er dei tradisjonelle aktivistiske miljøa, meir nødvendige enn nokon gong før, som fordømmer herjingane av alle slag under herredømmet til finanskapitalen. Det andre registeret er framlegga til tiltak, presise og underbygde av argumentasjon, for å få losna det diktatoriske grepet til marknadene. Desse framlegga må følgja av arbeidet til ein "ekspertise", eller snarare ein motekspertise, som ein må lykkast i å stilla opp mot forsvararane av systemet, i Bercy [det franske finansministeriet, omsetjars merknad] som i Davos [World Economic Forum, omsetjars merknad]. Føremålet er ikkje berre å angripa det liberalistiske tankegodset ved å visa kor kortsynte og hyklerske systemforsvararane er, vi skal òg ut i offentlegheita med konkrete argument som viser at det finst alternativ, at ei anna verd er mogleg. Forsking og utarbeiding av framlegg tek lengre tid enn dei aktivistiske tiltaka, og vi må godta at det vil finnast eit gap her. Uansett er begge dei to arbeidsmåtene heilt nødvendige.

Ibrahim Warde



Dei av oss som skulle sitja med eit inntrykk av at Tobin-avgifta ikkje er eit tilstrekkeleg ambisiøst tiltak, må få vita at mektige interesser ønskjer å ta livet av debatten om avgifta. Eg blei beden om å skriva den første artikkelen i Le Monde diplomatique om Tobin-avgifta fordi personen som skulle ha skriva han, ein person som stod for ein svært viktig studie på oppdrag frå Dei sameinte nasjonane, ringde til redaktøren av Le Monde diplomatique og sa: "Mine overordna har bede meg om å ikkje uttala meg om dette." Det finst ein svært streng sensur på området. Før eg reiste frå USA, undersøkte eg litt for å verifisera kor mange gonger orda "Tobin tax" har dukka opp i amerikansk presse i nyare tid. Eg fann berre 7-8 tilfelle blant fleire millionar artiklar. James Tobin sa jamvel i ein telefonsamtale med Bernard Cassen at det finst fleire ATTAC-medlemmer enn amerikanarar som kjenner namnet hans!

René Passet

Dette spørsmålet fører oss tilbake til dei "underliggjande verdiane" som bestemmer ATTACs arbeid. For meg er det tale om følgjande: Kva plass har menneska i høve til finanskapitalen i økonomien i vår tid? Kvar er målet, og kvar er middelet? Heilt til no har eg trudd at eg har visst det. Eg har alltid blitt forklart at økonomien var ei verksemd som omformar verda for å tilfredsstilla menneskelege behov. Økonomien står på beina når føremålet er å tilfredsstilla menneskelege behov, og han står på hovudet når det motsette er tilfellet. Det er det som har skjedd sidan 1980-åra, etter at Thatcher og Reagan opna Pandoras øskje og slepte laus demonane i dei frigjorde kapitalrørslene. Vi har sett korleis finanssektoren stadig er blitt meir autonom og oppblåsen, at finanskapitalen ikkje lenger er ei forlenging av den realøkonomiske verksemda. Målet for alt dette er ikkje velferd for menneska, produktivitet og vekst. Målet er å få finansformuane til å yngla. Slik blir produktiviteten omforma til ei vill jakt etter stadig høgare produktivitsresultat, og dette perverterer økonomien. No når folk er komne nærare kvarandre gjennom dei moderne kommunikasjonsmidla, vidar kløfta mellom dei rikaste og alle dei andre seg stadig meir ut. Verda er dominert av ei jakt etter profitt, akkumulasjon, etter noko som er utan ei djupare meining. Finanskapitalen er ikkje noko som gir meining til livet, for verktøyet kan ikkje gi meining. Vi lever i eit samfunn der menneska har tapt meininga av syne fordi ein ikkje lenger viser dei noko dei kan leva i pakt med. Det er finansverda som openberrt står fram for oss som kjerna i problema vi ser i dag, og det er der vi må setja inn åtaka. Men om vi ikkje formulerer presise svar, så har ikkje lenger orda våre noka vekt. Vi må berre innsjå at vi alle blir dregne mellom ønsket om å venda tilbake til kjeldene og ønsket om å gi tekniske svar på tekniske spørsmål. Stundom står vi i fare for å hamna i grøfta, men ATTAC-medlemmene er der for å alltid minna oss på kva dei "underliggjande verdiane" eigentleg består i. Eg har prøvd å gi eit riss av dei.